

Til  
Offentleg mynde  
Eigarar og nabo

08.12.2022

## **Varsel om igangsetting av detaljregulering for Detaljregulering for Sundal settefiskanlegg, 59/35 59/36 m.fl., Kvinnherad kommune**

ABO Plan & Arkitektur Stord AS startar på vegne av Eide Smolt AS arbeid med privat forslag til detaljregulering for Sundal settefiskanlegg med planid 20220009, (jf. plan- og bygningsloven § 12-3 og § 12-8 annet ledd). Saksnr. 2022/4755.

Varslingsbrev, planinitiativ og referat frå oppstartsmøtet er tilgjengeleg på kommunen si heimeside, og ABO sine nettsider: <https://www.kvinnherad.kommune.no/index.php?cat=431590> eller <https://abo-ark.no/aktuelt/#reguleringsplaner>. Plandokumenta og kart er også tilgjengeleg i kommunen sitt planregister: <https://www.arealplaner.no/kvinnherad4617/arealplaner/358>.

### **Avgrensing av planområdet**

Forslag til planområde er vist på vedlagte kartutsnitt.

Forslag til planområde utgjør om lag 23 daa. Planen regulerer heile eller deler av eigedomane gnr. 59/35 og 36, 59/1, 59/10, samt 59/2, 59/3, 59/37, 59/38, 59/1-2,4, 59/40, 59/16, 59/13, 59/19, 59/21,28.

Forslag til planområde er relativt romsleg for å kunne gi rom for avklaringar og løyse uventa forhold i løpet av prosessen. Under planarbeidet kan området verta redusert til det som er nødvendig å regulere.

### **Bakgrunn og mål med planarbeidet**

Hovudføremålet med planen er næringsføremål knytt til eksisterande settefiskanlegg. Eide Smolt har gjennomført oppkjøp av settefiskanlegget i Sundal på gnr. 59/35 og 59/36. Det er planar om oppgraderingar, og å få sett anlegget i drift så raskt det let seg gjera. Eide Smolt har overteke tidlegare eigar sine løyve til produksjon og langsiktige avtalar om vassuttak, samt forpliktingar mot grunneigarar/rettighetshavarar. Det er planar om å vidareføre desse løyva og avtalane utan endringar. Planarbeidet vil omfatte tiltak på gnr. 59/35 og 36, samt 59/1 knytt til eksisterande landanlegg, og gnr. 59/10 for kaifasilitet for transport av m.a. fisk frå anlegget.

I prosessen etter kjøp av anlegget har Eide Smolt hatt dialog med kommunen og Ænes og Mauranger byggdalag med tanke på arealet knytt til Sundal gamle skule. Bygdalaget er i prosess med kommunen om kjøp av dette området. I planframlegget ønskjer ein å kunne regulere for bygdalaget sitt bruk av skulen til m.a. forsamlingslokale med uteområde for leik, opphald og parkering, samt moglegheit for at Eide Smolt leiger deler av bygget til kontor, lager og vaktbustad. Ein ser det slik at oppgradering av settefiskanlegget og vidare utvikling av den gamle skulen i Sundal vil kunne ha positive synergieffektar for kvarandre og for bygda.

Sjå planinitiativ for meir detaljar.

### **Overordna planstatus og oppstartsmøte**

Dagens settefiskanlegg og areala eit stykke sør for anlegget er regulert til næringsføremål i gjeldande kommuneplan (2018). Arealane er også omfatta av faresone flaum, støysone frå fylkesvegen, samt faresone høgspont. Planområdet ved vassinntaket er LNF-føremål, bruk og vern av sjø og vassdrag, faresone flaum og bevaring naturmiljø (H560\_64). Arealane knytt til gamle skulen/barnehagen er regulert til offentleg/privat tenesteyting, næring, samt støysone frå fylkesvegen.

Arealet ved sjø til kai er regulert til næring, naust og bustad på land og fiske i sjø, samt ein mindre del som småbåthamn. Deler av arealet er omfatta av omsynssone bevaring kulturmiljø (H570\_3). Langs fylkesvegen er areala regulert til bustad, næring og offentleg/privat tenesteyting.

Området er ikkje tidlegare detaljregulert. Ein er kjent med planarbeidet knytt til Detaljregulering for Bondhus - Sundal turist- og friluftsområde, 59/1, 60/1 m.fl. i regi av Kvinnherad kommune. Ein søkte difor først å inkludere Eide Smolt sine behov i dette planarbeidet. I tilbakemelding frå kommunen datert 29.06.22 er tilrådinga at arealbruk for settefiskanlegget må gjennomførast som eigen reguleringsplan. Ein vil i planprosessen koordinere desse to planarbeida.

### **Viktige utgreiingar**

Planarbeidet skal vurderast i forhold til krav om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova § 4-2 og forskrift om konsekvensutredning. Planforslaget vil i hovudsak vil vera i tråd med overordna kommuneplan, og ein skal i stor grad regulere utbetring av eksisterande tiltak og infrastruktur. Basert eksisterande tiltak og kjent kunnskap, vurderer ein at det er få registrerte verdiar/ressursar som vil bli vesentleg påverka av planforslaget. Det er vurdert at det ikkje er naudsynt med konsekvensutgreiing etter §§ 6, 7, 8 eller 10. Sjå planinitiativet for detaljar.

Vurdering av verknad for tiltaka planen opnar for, vil likevel verta gjennomført og skildra i planomtalen for relevante tema jf. pbl. §§ 4-2 og 4-3. Tema trekt fram i planinitiativet og oppstartsmøtet er naturlege utgreiingstema. Planarbeidet vil særleg ha fokus på følgende tema:

- Naturmangfald, ferskvatn, land og marint
- Landskap og kulturmiljø/kulturminne
- Friluftsliv, leik, barn og unge
- Strandsone og kystsone
- Trafikktryggleik
- Nærmiljø (lyd, lys og lukt m.m.)
- Samfunnsverknad

I tillegg skal ein utarbeide ROS-analyse som vil m.a. avdekke risiko og sårbarheit knytt til tema flaumfare, potensiale for kvikkleire/områdestabilitet, trafikkfare og spesielle forhold knytt til type næringsaktivitet som planen opnar for.

Ein vil gjennomføre kartleggingar for å innhente oppdatert kunnskapsgrunnlag knytt til: Illustrasjonar av ny utbygging, avbøtande tiltak for flaum og potensiale for kvikkleire/områdestabilitet. Ved dialog med kommune og Vestland fylkeskommune, utforming av fylkesvegen med kollektiv og tiltak for trafikktryggleik.

### **Innspel, samråd og medverknad**

Eventuelle kommentarar, merknader, opplysningar som kan ha tyding eller interesse for planarbeidet kan sendast skriftleg til:

- ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Postboks 32, 5401 Stord
- [poststord@abo-ark.no](mailto:poststord@abo-ark.no) / [turid@abo-ark.no](mailto:turid@abo-ark.no)

innan **27.01.2023**

Spørsmål om planarbeidet eller innspel til planarbeidet kan rettast til

- Turid Verdal Tlf.: 905 22 958. E-post: [turid@abo-ark.no](mailto:turid@abo-ark.no)
- Vidar Hjartnes, Eide Smolt AS. Tlf.: 951 10 442. E-post: [vidar.hjartnes@efb.no](mailto:vidar.hjartnes@efb.no)

Med vennleg helsing

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

*Turid Verdal*

Vedlegg

- Oversiktskart og planavgrensing
- Planinitiativ og referat frå oppstartsmøte  
(digitalt: <https://www.kvinnherad.kommune.no/index.php?cat=431590> eller <https://abo-ark.no/aktuelt/#reguleringsplaner>)